

ANG 1977

Tom forside

Merknad til 'Zeri i Popullit'-artikkelen

Kamerater!

Vi sender ut dette dokumentet til informasjon. Vi vil seinere komme tilbake til en systematisk kritikk av den linja dette representerer. Men vi ønsker alt nå å gjøre dere kjent med innholdet i dette dokumentet, som vi anser som ytterst skadelig og feilaktig. Artikkelen bygger på ei analyse av verdenssituasjonen som er prega av grove revisjonistiske avvik og som står i skarp strid med virkeligheten. Ved å stille artikkelen opp mot vårt eget program vil dere sikkert sjø se dette. Den er ikke bare et grovt angrep på KKP, den er også et angrep på vårt parti. Som kjent har vi programfesta at den tredje verden er den viktigste drivkrafta for verdensrevolusjonen i dag. Vi har programfesta ei inndeling av verden i tre: supermaktene, de mindre og mellomstore imperialistiske landa og den tredje verden. Vi står fullt og helt på analysen av at USA er i tilbakegang mens Sovjet er på frammarsj. Dette gjør at vi rammes av de kraftige anklagene i dette dokumentet. I samband med dette vil vi trekke fram noen punkter som viser hvor usaklige disse anklagene er og hvor lite samsvar det er mellom dem og en marxist-leninistisk analyse:

– Dokumentet nevner fire store (engelsk: major) motsigelser i verden, og sier at «Lenin og Stalin snakket om 4 slike motsigelser». Men hvem er det som har gitt disse fire motsigelsene den utforminga som dokumentet refererer? Jo, det er verken Lenin eller Stalin, men KKP. På dette punktet har KKP og Mao Tsetung videreutvikla Lenins og Stalins analyser av motsigelsene i verden. Hva er hensikten med å skjule dette?

– Dokumentet snakker dessuten om en grunnleggende motsigelse (engelsk: basic) i verden, nemlig «mellom revolusjon og kontrarevolusjon». Hva er dette for noe annet enn å gi opp analysen av de fire grunnleggende motsigelsene? Dette er å trekke fram en av de fire motsigelsene og utrope den til grunnleggende. Dokumentet bruker da heller aldri de fire grunnleggende motsigelsene i analyse av noe som helst. Er dette i samsvar med marxismen-leninismen?

– Det sies om «tre-verdener teoretikerne» at vi har «eliminert sosialismens eksistens fra sine skjemaer». Er dette sant? Har vi kanskje slutta å propagandere sosialismens landevinninger og slutta å framheve de sosialistiske landa som forbilder? Når vi sier at den sosialistiske leiren har opphørt å eksistere etter kontrarevolusjonen i Sovjet og andre tidligere sosialistiske land (Partiprogrammet s. 41) så blir det avvist med at «Dette betyr ikke på noen måte at sosialismen blei likvidert som system eller at kriteriet for delinga av verden i to systemer som står mot hverandre må endres». Er ikke dette i virkeligheten å påstå at Krustsjø hadde rett da han kritiserte KKP for ikke å godta inndelinga av verden i to? (Se brev fire i KKP's polemikk mot SUKP, «Forsvarerne av ny-kolonialismen»). Er ikke dette å viske ut motsigelsen mellom undertrykkernasjonar og undertrykte nasjonar?

– Det står at vi som støtter teorien om tre verdener er «anti-leninistiske», at vi «øppfordrer verdensproletariatet til ikke å kjempe, til ikke å reise seg til sosialistisk revolusjon». Hvor gjør vi dette? Hvem gjør dette?

– Det siteres fra Lenin og Stalin for å «bevis» at verden i dag ikke kan deles i tre. Det siteres til

og med fra Lenins tale på Kominterns 2. kongress. Men hvorfor blir det ikke nevnt at Lenin på nettopp den kongressen og i nettopp den talen delte datidas verden i tre etter de forskjellige landas forhold til resultatet av den første verdenskrigen? Når Stalin siteres, hvorfor nevnes det da ikke at han i «Leninismens grunnlag» slår fast at «verden er delt i to leirer – en leir som består av en håndfull siviliserte nasjonar som sitter inne med finanskapitalen og som utbytter det store flertall av jordklodens befolkning – og i en annen leir som består av de undertrykte og utbytta folk i koloniene og de avhengige land, de som danner dette flertall» (Spørsmål i leninismen s. 52).

– Dokumentet påstår at folk som oss hevder at «en må kjempe bare mot den ytre imperialistiske fienden uten på samme tid å kjempe mot og angripe de indre fiendene». Driver ikke vi en steinhard kamp mot den indre fienden? Eller er dette kanskje retta mot de partiene i den tredje verden som også slutter seg til teorien om tre verdener? Er det slik å forstå at Burmas KP eller Thailands KP ikke bekjemper den indre fienden?

– Vår tese om den tredje verden som hovedkraft blir forvanska til en påstand om at vi mener at «kongen av Saudi-Arabia og sjaen av Iran» tilhører denne hovedkrafta. Hvorfor blir ikke geriljapartiene nevnt? Hvorfor blir ikke folkene i Azania og Zimbabwe nevnt? Når det gjelder «kongen av Saudi-Arabia og sjaen av Iran» så framhever APA sjøl i sin beretning på den 7. kongressen OPEC som noe progressivt. Men er ikke nettopp de nevnte fyrstene noen av OPECs fremste ledere? Hvordan kan en forklare at OPEC kan spille en delvis progressiv rolle uten å støtte seg på teorien om den tredje verden? Hvem tjener på å likestille OPEC med et hvilket som helst kapitalistisk kartell?

– Det sies at de som støtter teorien om tre verdener «gjør åpent brudd med marxismen-leninismens lære», at vi hevder at «folkene i disse landa (dvs. landa i den tredje verden, vår merknad) ikke må kjempe», men må «gi opp revolusjonen». Vi må igjen spørre om det er slik

at Burmas KP, Thailands KP, Malayas KP, Filipinenes KP, osv. virkelig har «gitt opp revolusjonen»? Dette er partier som nettopp på grunnlag av teorien om den nydemokratiske revolusjonen til dels har utvikla gerilja og til og med frigjort områder med inntil en million mennesker. Disse tilhengerne av teorien om tre verdener hevder altså at «folkene i disse landa ikke må kjempe»!

– «Forfatterne av denne teorien (dvs. KKP, vår merknad) dekker over klassemotsigelsene, anbefaler at ingenting må gjøres som kan umake imperialismen, sosialimperialismen og andre imperialistmakter». KKP hevder, ifølge dokumentet, at «en ny internasjonal orden vil opprettes der alle, rike og fattige, utbyttere og utbyttede vil leve 'uten kriger' 'uten rustninger', 'i enhet', 'i klassefred'». Ingen som har lest det KKP sier om krigsfaren kan unngå å bli slått av undring over dokumentets frapperende avstand til virkeligheten.

– Det hevdes at vi går inn for «allianse med USA mot sosialimperialismen». Hvem gjør det? Har vi gjort det? Hva sier vårt program om forholdet til USA-imperialismen og NATO? Hva viser vår praksis?

– Dokumentet hevder at «danda i den såkalte 'andre verden'» aldri kan bli «allierte med de undertrykte folkene og nasjonene mot de to supermaktene». Hva slags prinsipp er det som teoretisk utelukker en slik allianse? Var ikke kanskje det sosialistiske Sovjet alliert med det imperialistiske USA mot Hitler-Tyskland? Kan det i prinsippet utelukkes at liknende situasjoner kan oppstå i framtida? Eller skal vi forstå dette som et fordekt angrep på Stalins midlertidige allianse med visse imperialistiske land?

– «Nettopp av denne grunn kan ikke et virkelig sosialistisk land inkludere seg sjøl i slike grupperinger som den såkalte 'tredje verden' eller 'alliansefrie land'». Betyr dette at Kina og Kampuchea, som begge regner seg til den tredje verden ikke er «virkelige sosialistiske land»? Det sies om teorien om de tre verdener at den er «klasseløs». Krustsjøv sa om Maos tese om at «Østavinden er sterkere enn vestavinden» at den var «klasseløs». Hvor ligger forskjellen?

– Til vår påvisning av den ujamne utviklinga mellom supermaktene og USAs relative tilbakegang, sies det at vi hevder «at den ikke lenger er krigersk», «at den er 'ei beskjedne mus'», at den har blitt «fredelig». «Beskjedne mus» er til og med satt i anførselstegn, som for å angi et sitat. Men hvem påstår noe sånt? Sier ikke vi at de to supermaktene forbereder krig? Sier ikke KKP det? Betyr det at vi mener at «ei beskjedne mus» forbereder krig? Er ikke dette i virkeligheten et forsøk på å trekke et slør over at sosialimperialismen er mest aggressiv? Er ikke dette et forsøk på å fornekte at den sovjetiske sosialimperialismen er på offensiven i dag?

– «Å inndele imperialismer i mer eller mindre farlige fra verdensrevolusjonens strategiske synspunkt er feilaktig.» Jaså, Sverige og Sovjet er altså like farlige. Norge og USA utgjør en like stor trusel. Det var altså feilaktig av Stalin etter 1935 å peke på at Tysland var den farligste og mest aggressive imperialisten?

– Dokumentet avviser i virkeligheten å utnytte motsigelsene mellom imperialistene. Men hvorfor kalte da Stalin disse motsigelsene for revolusjonens «indirekte reserver»? Hvordan er det mulig å utnytte motsigelser om en ikke koncentrerer slaget mot hovedfienden, og nedkjemper fiendene en for en? Ville verdens folk være tjent med at Kina førte en kamp mot alle imperialistmakter på akkurat samme måte og med samme styrke?

– Dokumentet framhever spesielt betydninga av å slåss mot folk som Mobutu i Zaire. Hvem tjener på det i den nåværende situasjonen? Ville ikke sosialimperialismen også «støtte opprør mot Mobutu»?

– Angrepa på oss, på KKP, på geriljapartiene og det store flertallet av ml-partiene i verden sakner ethvert grunnlag. Påstandene om at vi har gitt opp revolusjonen faller på sin egen urimelighet. Mens dokumentet stadig kommer med lange og usaklige angrep på vår linje unnlater det fullstendig å gjøre en konkret analyse av den konkrete situasjonen. En slik analyse vil vise hvor feilaktig angrepa på teorien om tre verdener er.

Lederartikkel fra 'Zeri i Popullit', organ for APA

Då han analyserte den internasjonale situasjonen og dei revolusjonære prosessane som utviklar seg i han, kunngjorde kamerat Enver Hoxha på det 7. landsmøtet til APA: «Verda er på eit steg der spørsmålet om revolusjonen og nasjonal frigjerung ikkje berre er ei von og eit perspektiv, men eit problem som vert teke opp for å verta løyst». (Enver Hoxha — melding til det 7. landsmøtet til APA)

Denne viktige og prinsippfaste tesen bygger på den leninistiske analysen av imperialismen, på den definisjonen Lenin har gjeve av kjernen i den noverande historiske tidbolken, og er inspirert av den historiske oppgåva proletariatet har til å frigjera seg sjølv og heile menneskeætta frå all utbytting av menneske ved menneske, frå det kapitalistiske systemet. Det går ut frå ein konkret marxist-leninistisk analyse av dei største motseiingane i vår tid. Tesen frå det 7. landsmøtet til partiet stadfester på ny den marxist-leninistiske strategien for revolusjonen under dei vilkåra som er no.

I det strålende verka sine om imperialismen kom Lenin til den slutninga at imperialismen er kapitalisme i forfall og opprotning, den siste fasen i kapitalismen og tida rett før samfunnsrevolusjonen til proletariatet. Då han analyserte dei draga som kjennemerke imperialismen, skreiv han: «alle desse faktorane gjer utviklingssteget i kapitalismen i dag til tidbolken for den proletariske sosialistiske revolusjonen», at «denne tidbolken har teke til», at på grunn av

dei objektive vilkåra, er den beinveges allsidede førebuinga av proletariatet til å ta den politiske makta for å setja dei økonomiske og politiske tiltaka som utgjer innhaldet i den sosialistiske revolusjonen, sett på saklista for tidbolken vil lever i». (Verk, band 24)

Då han definerte denne tidbolken tok Lenin utgangspunkt i klassekriteriet. Han sa at det er viktig å hugsa godt på «at den klassen som er sentrum for den eine eller den andre tidbolken, definerer hovudinnhaldet i han, hovudretninga for utviklinga av han, hovudkjennemerka for dei historiske vilkåra for denne særskilte tidbolken, osv.». (Verk, band 21) Då han skildra det grunnleggjande innhaldet i den nye historiske tidbolken som tidbolken til imperialismen og dei proletariske revolusjonane, var han konsekvent tru mot læra til Marx om den historiske oppgåva til proletariatet, som den nye samfunnskrafta som kjem til å gjenomføra den revolusjonære styrtinga av det kapitalistiske samfunnet med underkuing og utbytting og byggje det nye samfunnet, det klasselause kommunistisamfunnet.

«Det kommunistiske manifestet» til Marx og Engels og ropet deira «arbeidarar i alle land, stå saman», kom for å lysa ut at den grunnleggjande motseiinga i menneskesamfunnet no var mellom arbeid og kapital, og proletariatet vart påkalla for å løysa henne med revolusjon. Men analysen sin av imperialismen synte Lenin at motseiingane i det kapitalistiske samfunnet hadde nådd høgdepunktet, og at verda har gått inn i perioden for proletariske revolusjonar og siger for sosialismen.

Den store sosialistiske Oktober-revolusjonen stadfesta dei strålende slutningane til Marx og Lenin i praksis. Etter at Lenin døydde, heldt den internasjonale kommunistrørsla seg og målmedvite til læra hans om den noverande

tidbolken, ho heldt seg til den revolusjonære strategien hans. Då den sosialistiske revolusjonen sgra i ei rad andre land stadfesta dette at den leninistiske tesen om den noverande tidbolken, som tidbolken for overgang frå kapitalismen til socialismen, speglar av den grunnleggjande lova for utviklinga av menneskesamfunnet i dag. Samanbrotet av kolonisystemet, at det overveldande fleirtalet av land i Asia, Afrika osv. har vunne politisk fridom, er nok ei stadfesting av den leninistiske teorien om tidbolken og revolusjonen. Den kjensgjerninga at lærdomane frå marxismen-leninismen og revolusjonen vart sviken i Sovjetunionen og fleire andre land som før var sosialistiske endrar ikkje det minste på den leninistiske tesen om innhaldet i den noverande tidbolken, fordi dette ikkje er noko anna enn ein krokveg i leia for den uunngelege sigeren for socialismen over kapitalismen i verdsstålestock.

Arbeidets Parti i Albania har alltid konsekvent hevda desse marxist-leninistiske slutningane. Kamerat Enver Hoxha har sagt: «Dei grunnleggjande draga ved tidbolken vår, som tidbolken for overgang frå kapitalisme til sosialisme utfrå striden mellom to motstridande samfunnsystem, som tidbolken for dei proletariske og nasjonale frigjeringsrevolusjonane, for samanbrotet til imperialismen og tilinkjesgjeringa av kolonisystemet, som tidbolken for socialismen og kommunismen sin siger i verdsstålestock, vert meir uttalte og meir klare og tydelege for kvar dag». (Enver Hoxha, Melding til det femte landsmøtet i APA)

Marxist-leninistane har alltid tufta sin definisjon av den noverande tidbolken og den revolusjonære strategien sin på analysen av dei største (engelsk: major, vår merknad) samfunns-motseiingane som kjennemerke

* Dei ulike sitata i artikkelen var i artikkelen markerte med sidetall frå albanske og engelske bøker.

På grunn av den stutte tida oversettarane hadde rakk dei ikkje å finne att sidetalla i dei norske (og

nokre engelske) bøkene. Difor er sidetalla som sto etter kvart sitat stroke. Vår merknad.)

denne tidbolken. Kva er desse motseiingane som kjennemerker denne tidbolken? Kva er desse motseiingane? Etter at den sosialistiske revolusjonen hadde sigra i Russland snakka Lenin og Stalin om fire slike motseiingar: motseiinga mellom dei to motstridande systema, kapitalisme og sosialisme, motseiinga mellom arbeid og kapital i dei kapitalistiske landa, motseiinga mellom dei underkua folka og nasjonane og imperialismen og motseiingane mellom imperialismakter. Desse er dei motseiingane som er det objektive grunnlaget for utviklinga av dei revolusjonære rørsleane i dag, som til saman er den store prosessen til verdsrevolusjonen i vår tidbolke. All verdsutvikling i dag stadfester at etter Lenins tid har ikkje desse motseiingane teke av og forsvunne, men har vorte skjerpja og er klårare berrlagde ein nokon gong før. Difor er grunnlaget for å dra opp ein rett revolusjonær strategi at det vert innsett og vedgått at desse motseiingane er til.

Å tvertom nekta for at desse motseiingane finst, løyna dei, sjå bort frå den eine eller den andre av desse motseiingane, å rengja det verkelege innhaldet, slik ulike revisjonistar og opportunistar gjer, skape forvirring og desorientering i den revolusjonære rørsla, tener som grunnlag for å byggja opp og fremja rengd, liksomrevolusjonær strategi og taktikk.

II

No for tida vert det snakka ein heil del om at verda er delt i den såkalla «første», «andre» og «tredje» verda, om «den alliansefrie verda», «verda til utviklingslanda», «nord og sør-verda», osv. Alle dei som stør desse oppdelingane legg fram sin eigen «teori» som den rettaste strategien, som då skal svara til dei verkelege vilkåra i den internasjonale situasjonen no. Men som kamerat Enver Hoxha understreka på det 7. landsmøtet, «alle desse uttrykka, som viser til ulike politiske krefter som verkar i verda i dag, dekkjer over og framhevar ikkje klassekarakteren til desse politiske kreftene, dei grunnleggjande motseiingane i tidbolken vår, nøkkelproblemet som er framherskande i dag i nasjonal og internasjonal målestokk, den nådelause kampen mellom den borgarleg-imperialistiske verda på den eine

sida, og sosialismen, verdsproletariatet og dei naturlege forbundsfellane deira på den andre». (Enver Hoxha, Melding til det 7. landsmøtet i APA)

Når marxist-leninistar snakkar om verda og ulike land og klassifiserer dei, dømmer dei etter prinsippa for den dialektiske og historiske materialismen. Dei dømmer fyrst og fremst etter den samfunnsøkonomiske ordninga som finst i ulike land, dei dømmer etter det proletariske klassekriteriet. Nett frå denne synsvinkelen skreiv Lenin i 1921, dvs då berre eit sosialistisk land fanst i verda, Sovjet-Russland:

«No finst det to verder: kapitalismen i den gamle verda, som er kasta ut i forvirring, som aldri kjem til å dra seg attende, og den nye verda som veks opp, som framleis er svært veik, men som kjem til å veksa av di ho er uovervinneleg.» (Verk, band 33) Stalin streka for sin del og under i den vidgjetne artikkelen «To læger», som vart prenta i 1919: Verda er endeleg og avgjort delt i to læger: lægeret til imperialismen og lægeret til sosialismen ... striden mellom desse to lægra er det punktet alt liv i vår tid dreier seg om, den kjennemerker alle dei noverande indre og ytre politiske linene til talsmenn for den gamle og den nye verda» (Verk, band 4).

Synet til partiet vårt er at i dag bør vi og snakka om den sosialistiske verda, som Lenin og Stalin gjorde, at det leninistiske kriteriet støtt er rett, liksom leninismen sjølv er livsdugande og rett. Argumentet til teoretikarane for dei «tre verdene», den «alliansefrie verda» osv., som har fjerna tilværet til sosialismen frå plannane sine, og syner til den kjensgjerninga at kapitalismen er atterreist i Sovjetunionen og sume andre land som før var sosialistiske, er utan grunnlag. Det står i fullstendig motstrid til dei leninistiske lærdomane og klassekriteriet.

Det revisjonistiske sviket, det at Sovjetunionen og fleire land som før var sosialistiske vende attende til kapitalismen, det at den moderne revisjonismen spreidde seg vide i den internasjonale kommunist- og arbeidar-rørsla og at denne rørsla kløyvde seg, var eit tungt slag mot saka til revolusjonen og sosialismen. Men dette vil slett ikkje seia at sosialismen vart gjort til inkjes som system og at kriteriet om at verda er delt i to motstridande system må verta endra, at motseiinga mellom

sosialismen og kapitalismen ikkje finst lenger i dag. Sosialismen finst og går framover i dei sanne sosialistiske landa som er tru mot marxismen-leninismen, slik som den sosialistiske Folkerepublikken Albania. Dermed finst objektivt det sosialistiske systemet, som eit system som står i motstrid til det kapitalistiske systemet, nett som motseiinga og striden på liv og død mellom det og kapitalismen finst.

Ved å sjå bort frå sosialismen som samfunnsystem ser den såkalla «teorien om tre verder» bort frå den største historiske sigeren til det internasjonale proletariatet, ser bort frå den grunnleggjande motseiinga i tida, den mellom sosialismen og kapitalismen. Det er klart at ein slik teori, som ser bort frå sosialismen, er anti-leninistisk: han fører til at proletariatets diktatur vert svekka i dei landa der sosialismen er under bygging, medan han oppmodar verdsproletariatet til å ikkje slåst, til å ikkje reisa seg i sosialistisk revolusjon, og dette er ikkje noko å undra seg over: Å gå frå dei proletariske klassekriteriana når ein vurderer situasjonen, kan berre føre til slutningar som står i motsetnad til interessene til revolusjonen og proletariatet.

I verka sine analyserte Lenin ofte den kapitalistiske verda og tilhøvet mellom kreftene i henne, som den store prinsippfaste marxismen han var. Dette gjorde han, og støtt for å tena revolusjonen ved å definera oppgåvene proletariatet stod andsynes, oppgåvene til kommunistpartia, oppgåvene til den fyrste sosialistiske staten i verda andsynes den proletariske verdsrevolusjonen, for å syna kven som var dei verkelege forbundsfellene til revolusjonen og kven som var fiendane hans.

Lenin gjev oss eit strålande døme i denne leia i tesene og meldingane på den andre kongressen til den Kommunistiske Internasjonale i 1920. «No må det verta «prova» gjennom praksisen til dei revolusjonære partia», understreka Lenin, «at dei er medvitne nok, organiserte nok og nok knytta til dei utbytta massane, at dei er målmedvitne nok og og dyktige nok i å gjera bruk av denne krisa til ein revolusjon krona med hell, med siger. Og hovudgrunnen til at vi kjem saman her på denne kongressen til den Kommunistiske Internasjonale er nett at vi skal laga i stand dette «provet.»» (Verk, band 31)

Men den såkalla teorien om «tre verder» set ikkje fram nokre oppgaver for revolusjonen, tvert om «gloymer» han dette. I planen for «tre verder» finst ikkje den grunnleggjande motseiinga mellom proletariatet og borgarskapet. Bortsett frå dette er ein annan ting påfallande i denne oppdelinga av verda; ikkje-klasse-synet på det som vert kalla den «tredje verda», at ho ser bort frå klassar og klassestrid, den måten ho fer åt med land som denne teorien reknar med til denne verda, regimene som rår der og dei ulike politiske kreftene som arbeider innanfor henne som ein einaste heilskap. Denne oppdelinga ser bort frå motseiinga mellom dei underkua folka og dei reaksjonære og pro-imperialistiske kreftene i deira egne land.

Det er velkjend at i dei landa som er utbytta av imperialismen, i landa i Asia, Afrika og Latin-Amerika, fører dei fridomskjære folka no ein hardsett strid for fridom, sjølvstende og nasjonal suverenitet, mot gammal og ny kolonialisme. Dette er ein rettvís og revolusjonær frigjeringsstrid, som får støtte atterhald frå marxist-leninistane i dei samme sosialistiske landa, frå verdsproletariatet frå alle progressive krefter. Denne striden er retta og kan ikkje la vera å vera retta mot fleire fiendar: mot dei imperialistiske underkuarane, og fyrst og fremst mot dei to supermakten, som er dei største utbytтарыne og det internasjonale politiet, dei fjarlegaste fiendane til alle folka i verda; mot dei reaksjonære borgarskapet på staden, som er knytta med tusen og ein band til dei utanlandske imperialistane, til den eine eller den andre supermakta, til dei internasjonale monopola, som er ein fiende av nasjonal fridom og sjølvstende; mot dei framleis tydelege restane av føydalismen, som lit på dei utanlandske imperialistane og står saman med dei reaksjonære borgarskapet mot folkerevolusjonen; mot dei reaksjonære og fascistiske regima, talsmennene og forsvararane av herredømet til desse tre fiendane.

Difor er det meiningslaust å lata som ein berre må slåst mot dei ytre imperialistfiendane utan at ein samstundes slåst mot og går til åtak på dei indre fiendane, dei som er allierte med og samarbeider med imperialismen, og alle dei faktorane som hemmar denne striden. Til denne dag har det aldri vore nokon frigjerings-

strid, ingen nasjonal-demokratisk og anti-imperialistisk revolusjon har gått føre seg utan at han har hatt indre fiendar, reaksjonære og svikarar, oppkjøpte anti-nasjonale element. Alle lag av borgarskapet utan unntak, irekna komprador-borgarskapet, kan ikkje verta identifiserte som anti-imperialistiske krefter som eit grunnlag og faktorar som ber fram striden mot imperialismen slik den såkalla teorien om «tre verder» gjer. Å fylgja denne «teorien» vil seia å føre den revolusjonære rørsla vekk frå den rette vegen, og gje opp revolusjonen på halvvegen, å skilja han frå den proletariske revolusjonen i andre land, å setja striden til folka og proletariatet i desse landa på ei anti-marxistisk og revisjonistisk lei.

Marxismen-leninismen lærer oss at ein alltid må sjå det nasjonale spørsmålet som underordna saka til revolusjonen. Utfrå dette standpunktet stør marxist-leninistar alle rørsler som i praksis er retta mot imperialismen og tener den almenne saka til den proletariske verds-revolusjonen. Lenin understreka: «Som kommunistar må og vil vi stø dei borgarlege frigjeringsrørslene i kolonilanda berre i dei tilfella då desse rørslene verkeleg er revolusjonære, då talsmennene deira ikkje vil hindra oss i å opp- og organisera bøndene og dei breie massane av dei utbytta i den revolusjonære anden, og om desse vilkåra og manglar, då må kommunistane i dei landa slåst mot dei reformistiske borgarskapet, som heltane i Den andre internasjonale høyrer til» (verk, band 32).

I mellom tida kallar talsmennen for tesen om den «tredje verda» frigjeringsrørsla til og med for «hovudkrafta i striden mot imperialismen», og reknar til og med med den kjøpslånga kongen av Saudi-Arabia og shahen av Iran driv med oljemonopol frå USA og våpenhandlane deira med Pentagon, som dreier seg om milliardar på milliardar med dollar. Etter denne logikken vert oljesjeikane som set inn oljepengane sine i bankar i Wall Street og City liksom stridsmenn mot imperialismen og støtter for den striden folket fører som er retta mot imperialistisk herredøme, medan USA-imperialistane, som sel våpen til dei reaksjonære underkuande regima til desse sjeikane, liksom skaffar våpna til «dei patriotiske kreftene» som

slåst for å skuva imperialistane ut frå den «gyldne sanden» i Arabia og Persia.

Kjensgjeringane syner at i dag kan den proletariske og anti-imperialistiske frigjerings-revolusjonen berre først prinsippfast, og gjennomførast til siste slutt, om han vert leidd av proletariatet, med partiet sitt i brodden og i forbund med dei breie massane av bøndene og andre imperialistiske og patriotiske krefter. Så tidleg som i 1905, i boka «to slags taktikk», synte Lenin med djupt-pløggjande argument at under vilkåra til imperialismen er kjennemerket ved dei borgarleg-demokratiske revolusjonane at den krafta som er mest interessert i å føra desse revolusjonane fram til siger ikkje er borgarskapet, som vinglar, og har tendens til å stå saman med dei reaksjonære føydale kreftene mot dei revolusjonære framdrivet til massane, men proletariatet, som meiner at den borgarleg-demokratiske revolusjonen er eit mellomsteg i overgangen til den sosialistiske revolusjonen. Og det same må ein seia om dei nasjonale frigjeringsrørslene i vår tid. Stalin understreka at etter Oktober-revolusjonen «tok tidbolken med frigjerings-revolusjonar i koloniane og dei usjølvstendige landa til, tidbolken då proletariatet i desse landa vaknar, tidbolken for hegemoniet hans i revolusjonen». (verk, band 10)

Desse leninistiske lærdomane får særskilt verdi og tyding i vilkåra vi har no. I dag har to tendensar utvikla seg i verda og verkar med stor kraft, tendensar som Lenin har gjort oss merksam på: på den eine sida tendensen til at nasjonale grenser vert brotne og at det økonomiske og politiske livet for dei kapitalistiske monopola sin del vert internasjonalisert; på den andre sida, tendensen til å styrkja striden for nasjonalt sjølvstende for dei ulike landa sin del. Difor er det slik at i samband med den fyrste tendensen har banda mellom det lokale borgarskapet i mange land som er frigjorde frå kolonialismen, og den utanlandske imperialistkapitalen, ikkje berre vorte halde ved lag, men vert styrkt og utvida i mange nykolonialistiske former, som dei internasjonale selskapa, ulike økonomiske finanssamslånningar osv. Dette borgarskapet, som held nøkkelposisjonar i det økonomiske og politiske livet i desse landa, og som veks, er ei pro-imperialistisk kraft og ein

fiende av den revolusjonære frigjeringsrørsla.

Når det gjeld den andre tendensen, tendensen til styrking av det nasjonale sjølvstendet mot imperialismen i dei tidlegare kolonilanda, så er han knytta fyrst og fremst, og i hovudsak, til auken i proletariatet i dei landa. Slik vert det stadig skapt meir tenelege vilkår for den breie og konsekvente utviklinga av dei anti-imperialistiske og demokratiske revolusjonane, for at proletariatet skal leia dei, og som resultat av det, at dei skal gå over i eit høgare steg, til striden for sosialismen.

Marxist-leninstane blandar ikkje saman dei glødande revolusjonære og sosialistiske vonene og ynskja for frigjering som folka og proletariatet i landa i den såkalla «tredje verda» nærer, med måla og politikken til det underkuande kompradorborgarskapet i dei landa. Dei veit at i landa i Asia, Afrika og Latin-Amerika finst det sunne progressive straumdrag i rekkjene til folka, som heilt visst kjem til å føra den revolusjonære striden sin fram til siger.

Men å snakka i almenne vendingar om den såkalla «tredje verda» som hovudkrafta i striden mot imperialismen og revolusjonen, slik dei som stør teorien om «tre verder» gjer, utan å dra noko skilje mellom dei verkeleg anti-imperialistiske og revolusjonære kreftene og dei pro-imperialistiske, reaksjonære og fascistiske kreftene som er ved makt i fleire av utviklingslanda, vil seia å gå skamlaust vekk frå læra til marxismen-leninismen og å gå inn for typisk opportunistiske synsmåtar, og skapa forvirring og desorganisering mellom dei revolusjonære kreftene. I fylgje teorien om «tre verder» må folka i desse landa kort sagt ikkje slåst mot t.s. det blodige fascistregimet til Geisel i Brasil og Pinochet i Chile, Suharto i Indonesia, Shahan av Iran, kongen av Jordan osv, av di dei liksom skal vera del av den «revolusjonære drivkrafta» «som driv hjulet i verdssoga framover». Tvertom, etter denne teorien bør folka og dei revolusjonære stå saman med dei reaksjonære kreftene og regima i den «tredje verda» og stø dei, og med andre ord gje opp revolusjonen.

USA-imperialismen, dei andre kapitaliststatane og den sovjetiske sosialimperialismen har bunde klassane som herskar i landa i den såkalla «tredje verda» til seg med tusen

trådar. Desse klassane er avhengige av dei utanlandske monopola og ynskjer å forlenga herredømet sitt over dei breie massane av sitt eige folk. Difor freistar desse klassane sjølvstøtt å gje inntrykk av at dei liksom er ein demokratisk blokk av sjølvstendige statar, som har som mål å øve press på USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen og stogga innblandinga deira i sine indre tilhøve.

Lenin understreka andsynes kommunistpartia at «det er vesentlig å avsløra heile tida og forklara for dei særskilde breie massane av arbeidsfolk i alle land, særskilt i dei tilbakeleggande landa, dei løgnene som imperialismektene nyttar systematisk, som under dekke av å skapa politisk sjølvstendige statar i røynda skapar statar som er heilt avhengige av dei både frå den økonomiske synsstaten og frå det finansielle og militære synspunktet.» (Lenin, verk, band 31)

Arbeidets Parti i Albania har støtt vore tru mot desse udøydlege lærdomane frå Lenin.

«Når det gjeld vurderinga av den politikken ulike statar og regjeringa fylgjer,» understreka kamerat Enver Hoxha på det 7. landsmøtet til APA, «går marxistane ut frå klassekriteriet, frå det standpunktet desse regjeringane og landa hevdar mot imperialismen og sosialismen og andsynes sitt eige folk og sin eigen reaksjon.

På grunnlag av desse lærdomane byggjer den revolusjonære rørsla og proletariatet strategien og taktikken sin, finn dei sanne forbundsfelagane sine i striden mot imperialismen, borgarskapet og reaksjonen og står saman med dei. Vendingane «tredje verda», «alliansefrie statar» eller «utviklingsland» skapar den illusjonen mellom dei breie massane som slåst for nasjonal og sosial frigjering at det liksom er funne eit tak ein kan finna ly under frå trugsmålet frå supermaktene. Desse vendingane løyner den verkelege

stoda i fleirtalet av desse landa, som på den eine eller den andre måten, politisk, ideologisk og økonomisk, er bundne til, og avhengige av, dei to supermaktene og dei tidlegare metropolane for koloniane.» (Enver Hoxha, Melding til det 7. landsmøtet i APA).

Dei noverande teoriane om den såkalla «tredje verda», «alliansefrie land» osv, har som formål å dempa revolusjonen og forsvara kapitalismen, som ikkje må verda hindra i å utøva hegemoniet sitt, men bør bruka ei form for herredøme som er litt meir godtakande for folka. Trass i at merkelappane er ulike er den «tredje verda» og «verda til dei alliansefrie» så like kvarandre som to dropar vatn. Dei vert styrte av same politikken og ideologien, den eine gruppa er så floka inn i den andre at det er vanskeleg å skilja ut kva for land som er frå den «tredje verda» og kva som skil dei frå dei «alliansefrie», og kva for land som er medrekna i dei «alliansefrie», og kva som skil dei frå dei i den «tredje verda».

Det vert gjort freistandar på å skapa endå ei gruppe til med såkalla «utviklingsland» der både landa frå den «tredje verda» og dei «alliansefrie» er i same haug. Opphavsmennene til denne teorien dekkjer og over klassemotseiingane, går inn for den tilstanden som er no, ingen ting må gjerast som kan terga imperialismen, sosialimperialismen og dei andre imperialismektene, på vilkår av at dei skaffar nokre «gratisgæver» til å byggja økonomien i «utviklingslanda» med. I fylgje opphavsmennene til denne teorien bør stor-maktene «ofra noko», gje noko til dei svoltne, slik at dei skal verta i stand til å halda liv i seg på eit vis og ikkje retta nakken. På denne måten seier dei at ein mellomveg vil verta funnen, «ei ny internasjonal ordning» skal bli oppretta, der alle, rike som fattige, utbytтарar og utbytta, skal leva «utan krigar», «utan vøpning», «i einenskap», i «klassefred», dvs. samlivnad a

la Krustsjov.

Nett av di desse tre «påfunna» har same innhald og formål kan ein merkja seg at «leiingane» for dei «alliansefrie landa», den «tredje verda» og «verda til utviklingslanda» er heilt ut samde. Heilt samrøystes narrar dei massane, proletariatet, folka, med teoriane og preikene sine for å avleia dei frå den revolusjonære striden.

Teorien om dei «tre verdene» let ikkje berre vera å ta omsyn til motseiinga mellom dei to motstridande samfunnsystema — sosialisme og kapitalisme, eller den store motseiinga mellom arbeid og kapital, men han analyserer heller ikkje den andre store motseiinga, den mellom dei underkua folka og verdsimperialismen, som han skjer ned til motseiinga med berre dei to supermaktene, og i sanning fyrst og fremst med ei av dei. Denne «teorien» ser heilt bort frå motseiinga mellom dei underkua folka og nasjonane og dei andre imperialistmaktene. Det som meir er, tilhengjarane av denne teorien om «tre verder» oppmodar til forbund mellom den «tredje verda» og desse imperialistlanda og med USA-imperialismen mot den sovjetiske sosialimperialismen.

Eit av dei argumenta som vert brukt for å gje rett åt oppdelinga av verda i tre verder er at ved denne vegkrossen har det imperialistiske lægeret som fanst etter den andre verdskrigen, der USA-imperialismen hadde udelt herredøme, liksom gått i oppløysing og slutta å eksistera, som resultat av den ulike utviklinga av ulike imperialismar. Dei som går inn for denne «teorien» hevdar at i dag kan det ikkje vera snakk om ei einaste imperialistisk verd, av di dei vestlege imperialistane på den eine sida har reist seg mot herskarane frå USA, og det på den andre sida finst ei vill og stadig aukande rivalisering mellom dei to imperialistiske supermaktene — USA og Sovjetunionen.

I steget til imperialismen, som resultat av den ulike utviklinga i ulike kapitalistiske land, finst det motseiingar innanfor imperialismen som stadig vert djupare. Interimperialistiske alliansar, blokkar og grupperingar vert skapte og brotne opp alt etter tilhøve og konjunkturar. Dette er marxismen-leninismens abc. Lenin har skaffa rikelig prov på denne typiske sida ved imperialismen. Desse prova syner at imperialismen, som det siste steget i kapitalismen, har ein uvendeleg kurs for opprotning, og dette er ein objektiv lov. Men vil dette seia at som resultat av desse motseiingane har imperialismen som samfunnssystem slutta å vera til og er delt i fleire verder, at det sosiale og økonomiske innhaldet i den eine eller andre imperialismen har endra seg? Nei, slett ikkje. Kjensgjeringane i dag fortel ikkje om oppløysing av imperialistverda, men om eitt einaste imperialistisk verdssystem, som i dag er kjennemerkt ved at det finst to store imperialistblokkar: på den eine sida den vestlege imperialistblokken, med USA-imperialismen i brodden, som har slike reiskapar som interimperialistorganisasjonane NATO, EEC osv. På den andre sida har vi austblokken, som den sovjetiske sosialimperialismen rår over, som har Warszawa-pakta og Comecon som reiskapar for den ekspansjonistiske hegemonistiske og krigshissande politikken sin.

I planen med «tre verder» femner den såkalla «andre verda» om kapitalistiske og revisjonistiske imperialistiske land, som, sett frå synspunktet til samfunnssystemet sitt, ikkje har noka vesentleg usemje anten med dei to supermaktene eller med dei ulike landa som er irekna i den «tredje verda». Det er sant at landa i denne «verda» har avgjorde motseiingar til dei to supermaktene, men dei er motseiingar med interimperialistisk innhald som motseiingane mellom dei to supermaktene sjølve er. For

det fyrste er det motseiingar som gjeld marknadene, innverknadssfærene, soner for kapitaleksport og utbytting av rikdomane til andre, mellom slike imperialismar som den vesttyske, japanske, britiske, franske, kanadiske osv, både med den eine og den andre supermakta og med kvarandre.

Det er greitt nok at desse motseiingane svekkjer det imperialistiske verdssystemet, og er til beste for striden proletariatet og folka fører. Men det er anti-marxistisk å identifisera motseiingane mellom ulike imperialistmakter og dei to supermaktene med den kampen som dei arbeidande massane og folka fører mot imperialismen, for å øydeleggja han.

Det kan aldri skje at såkalla land frå den «andre verda», med andre ord det stor-monopolistiske borgarskapet som rår der, vert forbundsfeller for dei underkua folka og nasjonane i striden mot dei to supermaktene og verdsimperialismen. Soga etter den andre verdskrigen syner klårt at desse landa har støtta og framleis støtter den aggressive politikken og handlingane til USA-imperialismen slik som i Korea og Vietnam, midtausten, Afrika osv. Dei er ihuga forsvararar av nykolonialismen og av den gamle ordninga med ulikskap i internasjonale økonomiske tilhøve. Forbundsfellane til Sovjetunionen var med Sovjetunionen i fellesskap på å okkupera Tsjekkoslovakia, og støttar brennande den rovgriske ekspansjonistiske politikken Sovjetunionen fører i ulike område av verda. Landa i den såkalla «andre verda» er den økonomiske og militære hovudstøtta for dei aggressive og ekspansjonistiske alliansane til dei to supermaktene.

Dei som stør teorien om «tre verder», hevdar at han gjev stort armslag for å utnytta interimperialistiske motseiingar. Motseiingane i fiendelæget bør verta utnytta, men på kva måte og med kva formål? Prinsippet er at dei

støtt må verta utnytta til føremon for revolusjonen, til føremon for folka og fridomen deira, til føremon for saka til sosialismen. Prinsippet er at utnyttinga av motseiingar i fienderekkjene må føra til at den revolusjonære rørsla og frigjeringsrørsla vert oppliva og styrkt, og ikkje at ho vert svekka og døyr ut. Det må føra til at dei revolusjonære kreftene stadig vert mobilisert meir aktivt i striden mot fiendane, og særskilt hovudfiendane, utan å tillata at det vert skapt nokon illusjon om dei mellom folka.

Å gjera dei inter-imperialistiske motseiingane absolutte og undervurdera dei grunnleggjande motseiingane, den mellom revolusjonen og kontrarevolusjonen, å setja utnytting av motseiingane i fiendelægret åleine i sentrum for strategien og gløyma hovudsaka — som er å auka den revolusjonære anden og utviklinga av den revolusjonære rørsla til det arbeidande folket og til folka, — og forsømma å førebu revolusjonen, står i fullstendig motstrid til marxismen-leninismen. Det er anti-marxistisk å preika einskap med dei liksom veikare imperialismane mot dei sterkare, å taka parti for borgarskapet i eitt land for å gå mot borgarskapet i eit anna land, under påskot av å utnytta motseiingar. Lenin understreka at taktikken for å utnyttast motseiingar i rekkjene til fienden skulle brukast til å lyfta og ikkje pressa ned det almenne nivået i proletarisk medvit, den revolusjonære anden, den evna massane har til å slåst og vinna. (Lenin, band 31)

Arbeidets Parti i Albania har støtt hevda konsekvent og hevdar desse udødelege leninistiske lærdomane. «I desse stundene med stor krise i imperialismen og den moderne revisjonismen», seier kamerat Enver Hoxha, «må vi styrkja striden mot dei, må vi utnytta dei store motseiingane mellom fiendane høveleg og rett til beste for oss sjølve, til beste for dei sosialistiske statane og folka som reiser seg i revolu-

sjon, må vi avsløra dei utan stans, og ikkje vera nøgde med desse såkalla innrømmingane som imperialistane og revisjonistane gjer mot sin vilje for å sleppa unna fåren med tanke på å hemna seg seinare. Difor må vi støtt halda jarnet varmt og gå til åtak på dei utan pusterom. (Meldingar og talar, 1970—71)

Den andre verda femner for det meste om kapitalistiske og nykolonialistiske land som er hovudstøttene for dei to supermaktene. Å setta fram dei som forbundsfellar for den «tredje verda», liksom i kamp mot USA-imperialismen og den sovejetiske sosialimperialismen, gjer det anti-revolusjonære og psevd-anti-imperialistiske innhaldet i teorien om dei «tre verdene» heilt openberr.

Dette er ein anti-revolusjonær «teori» av di han preikar samfunnsfred, samarbeid med borgarskapet, og dermed oppgjeving av revolusjonen, til proletariatet i Europa, Japan, Kanada, osv. som må slåst mot monopolborgarskapet og utbyttings-systemet i landa i den «andre verda» avdi interessene til forsvaret for det nasjonale sjølvstendet og særskilt striden mot den sovjetiske sosialimperialismen liksom krev dette.

Dette er ein psevd-anti-imperialistisk teori avdi han rettferdigger og stør den nykolonialistiske og utbytande politikken til imperialismaktene i den «andre verda» og oppmodar folka i Asia, Afrika og Latin-Amerika om å ikkje gå mot denne politikken, liksom for skuld striden mot supermaktene. I røynda vert den anti-imperialistiske og anti-sosialimperialistiske striden til folka i den såkalla «tredje verda» og til folka i den såkalla «andre verda» svekka og sabotert på denne måten.

III

Revolusjonær strategi er den strategien som set revolusjonen i sentrum. «Strategien og taktikken til leninismen»,

skreiv Stalin, «er vitskapen om å leia den revolusjonære kampen til proletariatet». (Verk, band 6, s.)

Den leninistiske strategien ser på den proletariske verds-revolusjonen som ein einaste prosess, som er samansett av fleire store revolusjonære straumdrag i vår tid, og i sentrum for han står det internasjonale proletariatet.

Denne revolusjonære prosessen held på utan stogg i dei landa som går fram etter vegen for sann sosialisme som ein vill og uforsonleg strid mellom dei to vegane — den sosialistiske og den kapitalistiske — for å tryggja den fullstendige og endelege sigeren for sosialismen over kapitalismen, for å stengja alle stigar mot fåren for å venda attende gjennom kontrarevolusjonær vald og imperialistisk aggresjon eller gjennom fredelig borgarleg-revisjonistisk degenrasjon. Dei revolusjonære og folk i heile verda fylgjer denne striden med sær vaken interesse, og meiner det er eit livsviktig spørsmål for saka til revolusjonen og sosialismen over heile verda. Dei gjev dei sosialistiske landa si fulle støtte utan atterhald, mot alle framstøytar frå imperialismen mot desse landa, avdi dei ser ein mektig base og eit sentrum for revolusjonen i desse landa, dei ser dei ideala som dei sjølve slåst for gjort om til røyndom. Tankane til Lenin om kor naudsynt og fyrstearangs viktig den hjelpa og støtta er som det internasjonale proletariatet gjev det landet der den sosialistiske revolusjonen har sigra, er udøyelege. Men dette vil støtt seia at vi snakkar om eit verkeleg sosialistisk land, som set den revolusjonære læra til marxismen-leninismen ut i livet med så stor kraft som råd og prinsippfast held seg til den proletariske internasjonalsismen. Elles, om det vert omskipa til eit kapitalistisk land, og berre held ved lag ei falsk «sosialistisk» maske, må det ikkje få støtte.

Dei revolusjonære og folka veit at framgangane og striden

til dei sosialistiske landa er slag som svekker imperialismen, borgarskapet og den internasjonale reaksjonen, at dei er ei beinveges hjelp og støtte for den revolusjonære striden og frigjeringsstriden til arbeidarane og folka.

Lenin og Stalin såg alltid på den revolusjonære oppgåva til proletariatet i eit sosialistisk land slik at dei ikkje berre skulle gjera alt dei kunne for å utvikla sosialismen i sitt eige land, men og at dei skulle støtte dei revolusjonære rørsle og frigjeringsrørsle i andre land på allsidig vis. «Lenin såg aldri på sovjetrepublikken som eit mål i seg sjølv», skreiv Stalin. «Han såg støtt på han som ein uunnverleg lekk i å styrkja den revolusjonære rørsle i landa i aust og vest, som ein uunnverleg lekk for å letta sigeren til arbeidarane i heile verda over kapitalen. Lenin visste at dette er den einaste rette tanken, ikkje berre sett frå internasjonal synsstad, men og sett frå synsstad i halda sjølve sovjetrepublikken ved lag.» (Verk, band 6) Nett av denne grunnen kan ikkje eit verkeleg sosialistisk land rekna seg sjølv inn i slike grupper som den såkalla «tredje verda» eller «alliansefrie land» der alle klassegrenser er utviska og som berre tener til å avleia folk frå vegen med strid mot imperialismen og for revolusjonen.

Berre dei revolusjonære, fridomskjære og progressive kreftene, den revolusjonære rørsle til arbeidarklassen og den anti-imperialistiske rørsle til dei underkua folka og nasjonane kan vera sanne og pålitande allierte for dei sosialistiske landa. Difor er det ikkje til føremøn for det internasjonale proletariatet, folka eller dei sosialistiske landa å gå inn for oppdeling av verda i «tre verder», å sjå bort frå dei grunnleggjande motseiingane i vår tid, å oppmoda til allianse mellom proletariatet og monopolborgarskapet og mellom dei underkua folka med imperialistmaktene i den såkalla «andre verda». Det er

anti-leninistisk. Stalin understreka: «Eg kan ikkje tenkja meg eit slikt høve at interessene til Sovjetrepublikken vår kunne krevja at systerpartia våre måtte gjera høgrevvik ... Eg kan ikkje tenkja meg korleis interessene til denne republikken som er grunnlaget for den revolusjonære proletariske rørsle i heile verda, kunne ynskja ikkje så mykje som råd av revolusjonære ande og politisk verksemd frå arbeidarane i vest, men ei nedskjering av denne verksemda, ei utdøying av den revolusjonære anden.» (Verk, band 8)

I metropolane for kapitalismen er prosessen til den proletariske verdsrevolusjonen i dag innbygd i den veksande klassestriden til proletariatet og dei andre arbeidande og progressive laga mot borgarleg utbytting og underkuing, mot freistnadene borgarskapet gjer på å lessa bora av den noverande krise i det kapitalistiske verdsystemet over på ryggane til dei arbeidande folket, mot gjenopplivinga av fascismen i den eine eller den andre forma, osv. Mellom dei breie massane av dei arbeidande folket, med proletariatet i brodden, utviklar medvitet seg meir og meir kvar dag om at den einaste vegen å sleppa vekk frå krise og dei andre vonda ved kapitalismen, frå den borgarlege utbyttinga, den fascistiske valden og imperialistiske krigar, er den sosialistiske revolusjonen og å oppretta proletariatets diktatur. Livet og kjensgjerningane syner at korkje borgarskapet eller dei opne og løynde tenarane deira, frå sosialdemokratane til dei moderne revisjonistane, kan stogga den stigande floa i den revolusjonære striden til massane. «Den noverande striden til verdsproletariatet,» sa kamerat Enver Hoxha på det 7. landsmøtet til APA, «provar nok ein gong den grunnleggjande tesen i marxismen-leninismen at arbeidarklassen og den revolusjonære striden han fører i den borgarlege og revisjonistiske verda ikkje kan underkuast, anten med vald

eller demagogi.» (Enver Hoxha, Melding til det 7. landsmøtet i APA)

Dei objektive vilkåra vert stadig betre for revolusjonen i dei utvikla kapitalistiske landa. Der er den proletariske revolusjonen no eit problem som vert teke opp for å løysast. Dei marxist-leninistiske partia som har teke opp fana til revolusjonen som revisjonistane sveik og kasta frå seg, har heilt rett teke på seg oppgåvene og sett i gang med alvor for å førebu proletariatet og forbundsfellane deira på dei revolusjonære slaga som er undervegs, på å styrta den borgarlege ordninga. Denne revolusjonære striden som råkar verdskapitalismen og det imperialistiske systemet i dei viktigaste festningane deira, får, og bør få, full støtte frå dei sanne sosialistiske landa og frå alle dei revolusjonære og fridomskjære folka i heile verda. Men i dag freistar i røynda dei moderne revisjonistane, dei som stør teorien om dei «tre verdene» og teoretikarane bak «alliansefritdommen» å sabotera revolusjonen og førebuinga for han ved å ikkje seia noko om det, og halda ved lag stoda i den kapitalistiske verda slik ho er.

Opphavsmennene til teorien om «tre verder» freistar å avleia merksemda til proletariatet frå revolusjonen ved å preika at den fremste saka no for tida er å ta vare på det nasjonale sjølvstendet andsynes fåren for aggresjon frå supermaktene, særskilt den sovjetiske sosialimperialismen, som dei reknar for hovudfienden. Spørsmålet om å fastsetja kven som er hovudfienden i internasjonal målestokk i ein bestemt augneblink er sær viktig for den revolusjonære rørsle. Partiet vårt ber i minnet hendingsgangen og klasseanalysen av stoda no, og understrekar at USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen, desse to supermaktene, er «dei viktigaste og største fiendane til folka» i dag og dermed «utgjer dei same fåren». (Enver Hoxha, Melding til det 7. lands-

møtet i APA)

Den sovjetiske sosialimperialismen er ein vill, aggressiv imperialisme som tyrstar etter ekspansjon, og som fylgjer ein typisk kolonialistisk og nykolonialistisk politikk, som byggjer på kapitalmakt og våpenmakt.

I rivaliseringa med USA-imperialismen strir denne nye imperialismen for å ta strategiske stillingar og få trygt fotfeste i alle område og verdsdelar. Han står fram som brannsløkkjar andsynes revolusjonen og undertrykkjar av frigjeringsstridane til folka. Men dette vill ikkje på nokon måte seia at den andre fienden til folka i heile verda, USA-imperialismen, er mindre fârleg, slik talsmennene for «tre verder»-politikken hevdar. Dei rengjer sanninga og narrar folka, og hevdar at USA-imperialismen liksom ikkje lenger driv krigshissing, at han liksom skal vera svekka, er i nedgang, at han er blitt «ei redd mus, med andre ord, at USA-imperialismen er vorten fredeleg. Saka har nådd eit punkt der til og med det militære nærveret til USA i ulike land, slik som Tyskland, Belgia eller Italia, Japan og andre land, vert rettfærdiggjort og skildra som ein faktor for forsvar. Slike synspunkt er umåteleg fârlege for fridomen til folka og lagnaden til revolusjonen. Slike teser fostrar illusjonar om det aggressive, hegemoniske og ekspansjonistiske innhaldet i både USA-imperialismen og sovjetimperialismen.

Proletariatet og den proletariske revolusjonen står andsynes oppgåva å styrta all imperialisme, og særskilt dei to imperialistiske supermaktene. All imperialisme er utfrå sjølve naturen sin ein vill fiende av den proletariske revolusjonen. Difor er det gale å dela imperialismar i meir eller mindre fârlege, utfrå det strategiske synspunktet til verdsrevolusjonen. Praksis har synt at dei to supermaktene, i same grad og same omfang, representerer hovudfienden til sosialismen og til fridomen og sjølvstendet til na-

sjonane, den største makta som verjar utbyttersystem, den beinveges fâren for at menneskeætta skal verta kasta ut i ein tredje verdskrig. Å sjå bort frå denne store sanninga, å undervurdera fâren frå den eine eller den andre supermakta, eller endå verre, oppmoda til einskap med den eine supermakta mot den andre, inneber katastrofale fylgjer og store fârer for framtida til revolusjonen og fridomen for folka.

Sjølvsagt hender det og kan henda at eit eller anna land er underkua eller beinveges truga av den eine eller den andre supermakta, men dette er ikkje på noko vis og ikkje i noko tilfelle det same som å seia at den andre supermakta ikkje er ein fâre for det same landet, og langt mindre at den andre supermakta er vorti ein ven av det landet. Prinsippet «fienden av min fiende er min ven» let seg ikkje bruka når det er spørsmål om to imperialistiske supermakter, Sovjetunionen og Amerikas Sameinte Statar. Desse to supermaktene slåst mot revolusjonen med alle middel og gjer alt dei kan for å sabotera revolusjonen og sosialismen og drukna dei i blod. Dei to supermaktene strevar etter å utvida herredømet og utbyttinga av ulike folk og land. Røynsle syner at dei set i gang ville åtak, sume gongar mot eit område og sume gongar mot eit anna, for å utvida det blodtyrstige taket dei har på folka, at kvar av dei strevar som rasande for å ta plassen til den andre. Så snart folket i eit land greier å kvitta seg med herredømet til den eine supermakta stig den andre fram. Midtausten og Afrika gjev rikelege prov på dette.

Det andre hovudstraumdraget i verdsrevolusjonen i vår tid er den nasjonale frigjeringsrørsla til folka, som vender spydodden mot imperialismen, nykolonialismen og rester av kolonialismen. Marxist-leninistane, verdsproletariatet er fullt ut solidariske med og gjev full støtte til den nasjonale frigjeringsrørsla til dei underkua folka. Dei ser

på henne som ein umåteleg viktig og uerstatteleg faktor i utviklinga av den verdsrevolusjonære prosessen. Arbeidets Parti i Albania har støtt støtta folka som strir for nasjonal fridom og sjølvstende. «Vi står for einskapen mellom verdsproletariatet og alle sanne anti-imperialistiske og framsteds-kjære krefter som vil knusa dei aggressive krigshissarane med striden sin. Arbeidspartiet og folket i Albania er prinsippfaste i den marxist-leninistiske lina si ... og vil ikkje i framtida heller spare noko strev og vil slåst, i lag med alle dei andre anti-imperialistiske og anti-sosialimperialistiske folka, med alle dei marxist-leninistiske partia, alle dei revolusjonære og verdsproletariatet og alle progressive folk, for å hindra planane og manøvrane til fienden og tryggja sigeren for fridomen og trygggleiken til folka.

I kvar stund vil ein finna landet vårt jamsides med alle dei folka som får fridomen og sjølvstendet sitt truga og rettane sine krenkt.» (Enver Hoxha, Melding til det 7. landsmøtet) Kamerat Enver Hoxha kunngjorde dette faste standpunktet på vegner av det albanske partiet og den albanske staten i talen han heldt i folkeforsamlinga i samband med at den nye grunnlova vart vedteken og. «I dag,» sa han, «tek den overveldande mengda av folka i verda store lyft og går sterkt mot kolonilovene og det nykolonialistiske herredømet, dei reglane, skikkane, vanane, dei ulike avtalane, gamle og nye, som borgarskapet har sett i verk for å halda utbyttinga av folka ved lag, dei motbydelege skilja og diskrimineringa i internasjonale tilhøve ... Dei progressive folka og dei demokratiske statane som nektar å forsona seg med denne stoda og slåst for å oppretta den nasjonale suvereniteten sin over sine egne ressursar og strever etter å styrkja det politiske og økonomiske sjølvstendet, og for likskap og rettfærd i internasjonale tilhøve, har full solidaritet og støtte frå det al-

banske folket og staten vår.» (Tale i folkeforsamlinga, 27.12.1976)

Heilt sidan Lenin si tid har marxist-leninistar alltid sett på den nasjonale frigjeringsstriden til folka og nasjonane som er undertrykt av imperialismen som ein mektig forbundsfelle og ein stor reserve i verdsrevolusjonen, for proletariatet.

I dei landa som har vunne fullt eller delvis politisk sjølvstende er revolusjonen på ulike utviklingssteg og han står ikkje andsynes same oppgåvene over alt. Mellom dei er det land som står rett framfor den proletariske revolusjonen, medan i mange andre land er det oppgåvene for den anti-imperialistiske nasjonal-demokratiske revolusjonen som står på dagsorden. Men i alle fall er denne revolusjonen ein forbundsfelle og ein reserve for den proletariske verdsrevolusjonen, sidan denne revolusjonen er retta mot den internasjonale borgarskaps-imperialismen.

Men vil det seia at desse landa må halda seg på det nasjonal-demokratiske steget, og at dei revolusjonære ikkje bør snakka om og førebu den sosialistiske revolusjonen, av redsla for at ein skal hoppa over steg og kutta dei ut, og at nokon skal kalla dei blanquistar? Lenin snakka om at det var naudsynt å gjera den borgarleg-demokratiske revolusjonen om til ein sosialistisk revolusjon i kolonilanda, heilt frå den stunda då dei borgarleg-demokratiske revolusjonane i dei landa var i fostersteget. Når Marx og Engels kritiserte blanquismen sa dei ikkje at 1848-revolusjonen eller Pariskommunen hadde vore forhasta. Marxismen-leninismen blandar aldri saman småborgarleg utolmod som fører til at steg vert kutta ut, med den vesentlege trongen til å utvikla revolusjonen utan avbrot.

Lenin peika på at revolusjonen i kolonilanda og dei avhengige landa måtte få ein framskuv. Sidan Lenins tid har det gått føre seg store endringar i desse landa. Som det

geniet han var forutsa Lenin desse endringane, og svaret hans til dei er å finna i dei leninistiske tesane om den revolusjonære verdsprosessen. Å gjennomføra den proletariske revolusjonen er ei universell lov og hovudstramdraget i vår tidbolk. Alle land utan unntak, til og med irekna Indonesia og Chile, Brazil og Zaire, og så vidare, må og vil gå gjennom han same kva slags steg dei må gjennom for å koma dit. Om ein mistar dette målet av syne, om ein går inn for å halda stoda slik ho er og teoretiserer om «å unngå å hoppa over steg», om ein gløymer å slåst mot Suharto og Pinochet, Beisel og Mobutu, vil det seia at du er for korkje den nasjonale frigjeringsstriden eller den nasjonal-demokratiske revolusjonen.

Europa må og gå gjennom den proletariske revolusjonen, og kjem til å gjera det. Den som mistar dette perspektivet av syne, den som let vera å førebu seg med dette målet for auga, men går inn for at revolusjonen skal ha flytta seg til Afrika og Asia og at det europeiske proletariatet må slutta seg til det «kloke og gode borgarskapet sitt» under påskot av å forsvara nasjonalt sjølvstende, han står i ei antileninistisk stilling og er korkje for forsvar av heimlandet eller fridomen til nasjonen. Den som «gløymer» at både Warszawa-pakta og NATO må kjempast ned, at både Comecon og sammarknaden må avvisast, tek parti for dei og vert slaven deira.

I Manifestet til kommunistpartiet skreiv Marx og Engels: «Eit skrømt vitjar Europa, skrømtet av kommunismen ... alle kreftene i gamle Europa ... har slege seg saman for å føra ein heilag krig mot dette skrømtet.» Denne merkningen frå Marx og Engels gjeld i dag og. Det mellombels attendeslaget revolusjonen leid på grunn av det revisjonistiske sviket, og det økonomiske potensialet og den underkuande militærmakta som imperialismen og sosialimperialismen har til å gå mot

den revolusjonære rørsle og tankane til kommunismen med, har ikkje greidd og kjem aldri til å greia å endra kursen til historia, eller vinna over den store styrken til marxismen-leninismen.

Marxismen-leninismen er den revolusjonære ideologien som har gått djupt inn i medvitnet til proletariatet og utøver ein stadig større innverknad på dei breie massane av folka som søkjer frigjerung. Verknaden av denne teorien er så sterk at ideologane til borgarskapet alltid har vore nøydd til å rekna med han, og dei har aldri slutta strevet for å finna måtar og middel å rengja marxismen-leninismen på og undergrava revolusjonen.

Dagens anti-leninistiske teoriar om «tre verder», «alliansefridom» osv. er og retta inn på å undergrava revolusjonen, sløkkja striden mot imperialismen, særskilt mot USA-imperialismen, kløyva den marxist-leninistiske rørsle, den einskapen i proletariatet som Marx og Engels gjekk inn for, skapa alle slags grupper med anti-marxistiske element som slåst mot dei verkeleg marxist-leninistiske partia som er tru mot marxismen-leninismen og revolusjonen.

Freistnadene på å liksom analysere situasjonar på ein ny måte på anna vis enn Lenin og Stalin, å endra den revolusjonære strategien som den marxist-leninistiske kommunistrørsle støtt har hevda, fører på utspekulerte anti-marxistiske måtar til at ein går frå kampen mot imperialismen og revisjonismen. Truskapen til marxismen-leninismen og den revolusjonære strategien til den marxist-leninistiske rørsle, kampen mot alle opportunistiske avvik som dei moderne revisjonistane av alle fargar spreier, den revolusjonære mobiliseringa av arbeidarklassen og folka mot borgarskapet og imperialismen, alvorlege førebuingar for revolusjonen, er den einaste rette vegen, den einaste vegen som fører til siger.